

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021

Alfred Bjørlo (V) stilte spørsmål om han kunne tre i frå i saka grunna sitt verv som ordførar i Stad kommune etter kommunelova § 11-11. Bjørlo gjekk frå under vurderinga om han kunne tre i frå.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Bjørlo ikkje kunne tre i frå.

Bjørlo tiltredde saksbehandlinga.

Natalia Golis (MDG) sette på vegner av MDG, SV fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 4

Fylkesutvalet oppmodar om at desse 3 akvakulturområde greiast ut særskilt, bl.a grunna mangelfull kunnskap om påverknad av koraller:

1. VA47 Ervikskorane
2. VA53 Torvneset
3. VA55 Breivika»

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Golis sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (H, FRP, UA).

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser det som positivt og viktig for planlegginga i kommunen at Stad får ein kommunedelplan for sjøareala, og på den måten får eit heilskapleg grep om utviklinga i desse områda.

2. Det bør setjast vilkår for unntak av krav om reguleringsplan til moloanlegg, på same måte som det er gjort for småbåtanlegg i føresegnene til planen. Dette for å unngå uønska og ikkje føreseieleg utvikling i strandsona.

3. Miljømål for vasskvalitet bør sikrast betre i føresegnene, ev. ved bruk av omsynssoner med tilhøyrande retningslinjer og føresegner.

4. Akvakultur: Føresegn 5.1 d om førtøyingar bør omformulerast slik at det vert tydeleg kva planen vil ivareta. I føresegn 5.6 bør fiskeforbodssona ikkje innlemmast i akvakulturområdet. Det kan heller leggst på ei omsynssone rundt, utanfor akvakulturområdet, med føringar for fiskeforbod og føresegner som ivaretek andre omsyn i strandsona. Fylkesutvalet oppmodar om at desse 3 akvakulturområde greiast ut særskilt, bl.a grunna mangelfull kunnskap om påverknad av koraller:

1. VA47 Ervikskorane
2. VA53 Torvneset
3. VA55 Breivika